

Slagverk:

Overordna mål:

- Oppnå gode ferdigheter på instrumentet sitt, på alle nivåer og ut fra ambisjonsnivå
- Oppleve mestringsglede og positiv sjøl utvikling
- Utvikle seg til sjølstendige utøvere som har glede av musikk livet gjennom
- Bli aktive lyttere med eit nært forhold til musikk
- Utvikle evnen til samspel og samarbeid
- Få moglegheiter til fordjupning som kan danne grunnlag for vidaregåande og høgare utdanning i musikk
- Bli ressurspersonar som bidreg til eit levande kulturliv

Forventningar til eleven og heimen:

- Eleven må møte forberedt, og ha øvd godt på det som er gjennomgått på forrige timen.
- Foreldrene må hjelpe eleven så han får øvd
- At du møter opp kvar veke, eller gjev beskjed så tidleg som mogleg til læraren din dersom du ikkje kan møte. Elevar som ikkje melder frå til læraren sin om at dei er borte tre gonger i eit semester, mister plassen sin på tilbodet. Eleven mæ likevel betale elevavgift ut skuleåret. Elevar som er borte to gonger utan å gje beskjed, vil få skriftleg åtvaring frå rektor om at han står i fare for å misse plassen sin.
- At du set av tid til å vere med på konserter, framstyringar, utstillingar og prosjekter utanom den ordinære undervisninga.

Forventningar til læraren:

Læraren skal finne oppgaver til eleven som gjev framgang, og får eleven lyst til å øve.

LOKAL LÆREPLAN FOR SLAGVERK			
	INNHOLD	LÆRINGSMÅL	LÆRINGSFORM
Fase 1	Bli en kulturskuleelever Utvikle spilleglede og interesse for musikk Lære om musikk og teori Bli kjend med trommesettet og korleis det brukast.	<ul style="list-style-type: none">- Forstå korleis kulturskuletimar fungerer- Finne ut korleis heimeøving best kan gjennomførast.- Kunne namnet på delane til instrumentet- Prøve og lære namn på kjente rytmeinstrument- Rett stikkegrep- Spele etter noter på skarptromme- Spele rytme i 3/4 og 4/4 på slagverk- Forstå korleis ein behandler trommutstyr for ikkje å ødelegge det.	Samarbeid mellom elev og lærar Samarbeid i gruppe Selvstendig øving og refleksjon Vise frem det du har lært
Fase 2	Trommesett og skarptromme Nye rytmeinstrument Musikk, teori og teknikk Spele i band Musikkteknologi	<ul style="list-style-type: none">- Kunne spele ein sjølvvalgt melodi til backingtrack eller band på trommer/ perkusjon.- Kunne spele skarptrommeduett- Kunne noter så godt at enkle stykker kan spelast prima vista på skarptromme- Lære fleire groover frå ulike sjangere- Bli ein dynamisk trommeslagar- Kunne spele trommesolo i jam- Spele eit stykke på klokkespel eller xylofon- Kunne programere en trommemaskin	Samarbeid mellom elev og lærar Samarbeid i gruppe Selvstendig øving og refleksjon Utforske fleire sjangere Konsert

Fase 3	Trommesett og skarptromme Musikk, teori og teknikk Komposisjon Musikkteknologi	<ul style="list-style-type: none"> - Mestre groover frå ulike sjangere - Spele avanserte solostykker på skarptromme - Komponere musikk sjølv eller i samarbeid med andre - Kunne notere eigne komposisjonar - Planlegge og gjennomføre eit prosjekt - Spele eit stykke på klokkespel eller xylofon. - Kunne dur og moll treklangar på klokkespel eller xylofon. - Lære kvintsirkelen - Lære namn på og kjenne att intervall - Kunne koble opp eit lydanlegg. - Kunne gjere opptak og redigere musikk 	Samarbeid mellom elev og lærar Samarbeid i gruppe Selvstendig øving og refleksjon Utforske fleire sjangere Eleven skal i større grad innstudere materialet heime. Konsert
Fase 4	Spesialisering	<ul style="list-style-type: none"> - 1: Fokus på jazzens harmonier og improvisasjon - 2: Fokus på klassisk perkusjon - 3: Fokus på Rock og metall 	Ein elev i fase fire vil i stor grad kunne arbeide sjølvstendig, men ofte med behov for støtte og å bli utfordra på dei rette tinga.
Fordjuping	Nord- og Midtgudbrandsdalen tilbyr fordjupning via talentprogrammet i samarbeid med Vinstra vidaregåande skule.		